



Stord Undervannsklubb

Årsmelding 2020



Styret for 2020

Leiar: Ida Helene Hvitsand

Nestleiar: Lars Haugland Almås

1. Styremedlem: Severin Sørli Birkeland
2. Styremedlem: Tobias Hukset
3. Styremedlem: Gunnhild Litlabø

1. Varamedlem: Atle Barsnes
2. Varamedlem: Bjørn Eilertsen

Valkomit 

Leiar: Bjørn Birkeland

Medlem: Rannveig Litlabø

Varamedlem: Kristoffer Danielsen

Revisorar

Inge Utbj e

Martin Hamre

Klubben sine utval og undergrupper

 konomiansvarlege

Ida Helene Hvitsand (Leiar) og Atle Barsnes (kasserar), samt styret.

Sekret r

Severin S rli Birkeland

B tansvarlege

RIB'en: Reidar Kvalvik

Kobben: Bjørn Eilertsen

Fridykkargruppa

Kristoffer Danielsen, Lars Haugland Alm s, Tobias Hukset og Ida Helene Hvitsand



Kurs- og sikkerhetsgruppa

Atle Barsnes, og Lars Haugland Almås

IT-Ansvarleg

Ida Helene Hvitsand

Kodeansvarlege

Bjørn Eilertsen og Reidar Kvalvik

Utstyersansvarleg

Lars Haugland Almås

Heimeside og Facebook

Ida Helene Hvitsand, Lars Haugland Almås, Kristoffer Danielsen

Medlemmar i 2020

Maximedlem: 30

Hovudmedlem: 8

Barn- og ungdomsmedlemmar: 34

Æresmedlemmar: 4

Ubetalte medlemskap: 7

Totalt medlemstal: 83



Styrets beretning for 2020

Møtevirksomhet

Gjennom året har styret hatt 8 styremøter, 3 møte med ESS og 1 revisormøte. I tilknytning til ulike aksjonar og hendingar og undersøking/sondering av alternative nye klubblokale.

Medlemsmøter

Medlemsmøte for 2020 var avlyst grunna smittevern hensyn.

Utsendingar

Lars Haugland Almås var representant for klubben på Norges Dykkeforbund sitt dykketing i oktober der eit nytt forbundstyre vart valgt samt NDF's virksomhetsplan (norsk dykking 2020-2024) vart oppdatert

Atle Barsnes var tingdirigent også ved dette dykketinget .

Dykketurar

Året starta bra med dykketur til Otterøy med god oppslutnad. ellers har det vert lyst ut sporadiske dykketurar med varierende oppmøte.

Når det vert annonsert klubbturar, vert dette varsla i hovudsak med SMS utsending og på Facebook sida. Turar som vert planlagde i god tid («terminfesta turar»), vert dessutan lagt ut på heimesida vår.



Arrangement

Det vart planlagt deltakelse for Folk i sentrum samt 17. mai-toget men begge desse arrangementa var avlyst.

I november 2020 prøvde me også å gjennomføra ei undervannsrugbyturnering på Stord, "Battle of the Pearl". På grunn av korona-situasjonen måtte diverre dette arrangementet avlysast, men me håper på å kunna gjennomføra i løpet av 2021.



Dugnadsarbeid

Stord Undervannsklubb gjennomførte ein ryddeaksjon ved klubbhuset der me tok opp 4,1 tonn med boss, samt fekk unnagjort dugnadsplikta vår for ESS.

I avtalen med ESS om leige av klubbhuset, fekk me reduksjon i årsleiga mot at me kunne utføre arbeidet med å skifte taket på huset i løpet av 2020 / 21, der ESS stod for alt av material til jobben. Taksiftet er så å seie slutført. Martin Hamre har stått som fagperson på dugnaden, der 12 personar totalt har vore involvert. Av desse 12 har 4 personer «gått igjen» på dugnaden. Totalt er det utført 123 timar arbeide. Noko mindre restarbeid må utførast våren 2021.

Det er også planlagt vidare dugnad med diverse ombygging/inneiingsarbeid i løpet av 2021.



Klubblokalet

SUK og ESS (Eldøy Sjøsportsenter) har inngått avtale om leiga av klubbhuset der me har kompressoren vår i dag. Avtalen strekk seg over 10 år med 3 mnd. gjensidig oppseiing. Møterommet har vore nytta til møteverksemd i 2020. Her har me ein intensjon om å utvide tilbudet til klubben sine medlemmar med skyllekar, møteareale og lagringsmoglegheiter.

Dette gjer slik at Klubben og styret har meir tid til å planlegge eit eige klubbhus på sikt, sidan slikt arbeide er ikkje gjort på «ein dag».

Kompressoren / Flaskebanken

Kompressoren fungerer fint det har vært 343 luftfyllingar i 2020. Filter vart bytta i januar og flaskebanken vart trykktesta.

NB! Hugs å sette på kompressoren etter at du har fylt, slik at det er toppa flaskebank til den neste som skal fylle.



Båtane

Kobben har vore lite brukt i 2020 då smittevernbegrensingane har gjort det vanskelig å nytta båten, Det er behov for vedlikehald og vårvask/slip før den vært tatt i bruk igjen

Rib'en har vært litt i bruk i 2020. Det vart tidlig laga ein tur boks slik at den skulle vera tilgjengeligt for medlemmane. Denne ligg i kompressorbu. Båten har no behov for å komma på land å få unnagjort naudsynt vedlikehald, service og oppgradering. Planen er at dette vært gjennomført tidlig i vår.



Me har fått 20.000kr i støtte frå Sparebanken vest til kjøp av ny båt. Planen er å bytta ut Kobben med ein med betre dekksplassnår økonomien tillet dette.

Styret oppfordrar medlemmane til å bruka båtane meir, slik at fleire ser til båtane oftare. Hugs båtførarbevis og opplæring i bruken av båtane.

Kommunikasjon

Heimesida til klubben, www.stordundervannsklubb.com får jamleg vedlikehald og oppdateringar, kurs modulen har fått ein oppdatering. Det vert lagt ut viktig informasjon, ein del interessante nyhende, sponsorar og planlagde arrangement. Ser du etter kontaktopplysningar, lovane våre, årsmeldingar m.m., finn du dei her.

Klubben har ein Facebook side og ein gruppe "Gruppa for Stord Undervannsklubb", dei to sidene vil inntil vidare vera tilgjengeleg. Me har også ein Instagram konto.

Fridykkargruppa

Instruktørane for fridykkergruppa i 2020 har vore Kristoffer Danielsen, Lars Haugland Almås, Ida Helene Hvitsand, Mathias Matre og Tobias Hukset. Treningane har vore kvar måndag i skuleruta frå 19:15 til 22:00 til saman 26 måndagar. frå 21:00-22:00 har me spelt undervannsrugby og hatt eigentrening.

Kvar siste måndag i månaden frå 20:00-22:00 har me spelt undervannsrugby, dette kommer me til å fortsette med i 2021. Me har hatt ei lita, fast undervannsrugbygruppe som har trent samstundes som fridykkerane, av og til for seg sjølv og av og til saman med fridykkerane. Treningane har for det meste vore sett saman av symjing med og utan symjeføter, teknikk med ball, målsoringstrening og nokre gongar spel. Gunnhild og Rannveig Litlabø har vore ansvarlege for undervannsrugbytreningane. Dei spelar begge for det norske damelandslaget og deltok på Nordisk meisterskap i februar 2020. Noreg tok gull i dette meisterskapet! Klubben har invitert undervannsrugbylaga frå Bergen og Haugesund til felles undervannsrugbytrening i Kulturhuset. I 2020 er det gjennomført to slike samlingar.



Kursavdeling

Hausten 2020 blei det arrangert eit CMAS** -kurs med 4 deltakarar, alle med CMAS* -sertifikat frå tidlegare klubbkurs. Kurset blei halde etter nye retningsliner for CMAS** -kurs. Dette vidaregåande kurset gjer eit god praktisk/fagleg påfyll utover grunnkurset. Ein kan gjennomføra dette kurset med anna grunnkurs sertifikat enn CMAS*. Kursansvarlege var Atle Barsnes og Lars Haugland Almås. Styret og kursavdelinga har planar om nye kurs i 2021.

Økonomi

På tross av eit vanskeleg år med mange avlyste arrangement og tiltak i 2020, har økonomien vore god. Vi auka mengda av disponible midlar med ca. 120.000 kr i frå 1. januar til 31. desember. Samla bankinnskott, kontantar og liknande utgjorde ved årsslutt ca. 287.980 kr. Vi har sett av ca. 76.000 kr på høgrentekonto for å styrke kapitalen i komande større klubbprosjekt. Mykje av denne auken av midlar skuldast kjempeinnsats frå einskildmedlem som har skaffa oss gåver, samt iherdig innsats frå styret i søknadsprosessar både mot bankar/fond og i offentleg samanheng.

I tillegg reknar vi å ha ca. 184.000 kr i form av egedelar bundne opp i 2 båt plassar på tilsaman ca. 171.440 kr, og samla aksjepostar i Vest Atlantis AS på 12.500 kr.

Båtane våre, "Kobben" og "Ribben", samt kompressoren og litt dykkeutstyr, er ikkje rekna inn i årsresultatet. Avtalte forsikringssummar utgjorde likevel 400.000 kr for båtmateriellet og ca. 260.000 kr for maskiner og egedelar knytt til lokala i Eldøy Sjøsportsenter.

Totalt blir eigenkapitalen vår ved utgangen av 2020 rekna til ca. 472.000,- kroner.

Klubben vil oppfordra alle medlemmane sine å forsøka å rekruttera nye medlemmar til dei ulike aktivitetane vi har. Vi oppfordrar også medlemmer, familie og vener som brukar Norsk Tipping, til å registrera Stord Undervannsklubb som sin mottakar av Grasrotandelen .

Dykk sikkert, dykk i klubbregi!

Styret ser tilbake på eit dykkerikt år, med god aktivitet. Det har ikkje dukka opp uforutsette saker som styret har måtta handtert. Det har heller ikkje vore meldt inn uønskt hendingar i forbindelse med dykking i klubben sin regi, eller ved privat dykking blant medlemmene.

Miljøet og samhaldet mellom dei aktive medlemmene oppfattast som godt.

Styret takkar alle som er med på å driva klubben framover, gjennom dugnadsinnsats, handtering av ansvarsoppgåver og generell hjelp og støtte!

Dykkehelsing frå Styret i Stord Undervannsklubb.



Leiar: Ida Helene Hvitsand

Dato/sig. *Ida Helene Hvitsand*

Nestleiar: Lars Haugland Almås

Dato/sig. *01.06.21 LARS HAUGLAND*

1. Styremedl: Severin S. Birkeland

Dato/sig.

2. Styremedl: Tobias Hukset

Dato/sig.

3. Styremedl: Gunnhild Litlabø

Dato/sig.

1. Varamedl.: Atle Barsnes

Dato/sig.

2. Varamedl: Bjørn Eilertsen

Dato/sig.

